



FREMMEDSPRÅKSENTERET

NASJONALT SENTER FOR ENGELSK OG FREMMEDSPRÅK I OPPLÆRINGEN

Elevane sitt val av framandspråk på ungdomsskulen 2019-2020

Nasjonalt senter for engelsk og framandspråk i opplæringa - Notat 02/2020

Samanfatning

Tala for val av framandspråk blei publiserte av Utdanningsdirektoratet i midten av desember 2019 og viser at det er femte året på rad med fallande interesse for framandspråk. I tillegg er det nokre andre interessante poeng:


- Prosenttalet elevar som vel framandspråk nærmar seg eit rekordlågt tal
- Færre vel både tysk og spansk, medan fransk har ei lita auking i elevar
- Arbeidslivsfag er klart meir valt enn engelsk fordjuping
- Matematikk fordjuping har ikkje opplevd ei auking
- Ingen vel italiensk i år

Alle tala i notatet er henta frå Grunnskolens Informasjonssystem¹


¹ <https://gsi.udir.no/>

Fjerde år på rad med nedgang i talet elevar som vel framandspråk

I år har 75,5 % av Noreg sine 8.-klassingar valt framandspråk. Det er ein nedgang på 1,4 % frå i fjor og den største nedgangen på over ti år. Talet på elevar som vel framandspråk har ikkje vore lågare sidan 2010, og om talet fortsett å gå ned neste år vil talet verte rekordlågt.




Både spansk og tysk mistar elevar, medan fransk opplev ei lita auking




Forskjellen mellom spansk og tysk aukar, sjølv om dei begge mistar elevar. Spansk går ned 0,5 % og har 36,2 % av elevane på 8. trinn, medan tysk går ned heile 1,3 % og har 26,4 %. Fransk har i år 12,6 %, og har auka sitt prosenttal for andre året på rad, noko som er gledeleg, sjølv om aukinga er på marginale 0,2 % frå i fjor.

Arbeidslivsfag er meir populært enn engelsk fordjuping



Arbeidslivsfag veks i same takt som åra før, ti år etter at det vert innført. I år har arbeidslivsfag vekse med 1,3 %, nesten nøyaktig det same talet som nedgangen i framandspråk. Samanhengen er dermed tydeleg. Fleire vel arbeidslivsfag i staden for framandspråk. Matematikk fordjuping har på si side ikkje auka noko særleg sidan 2016, slik mange trudde det kunne komme til å gjere då det vert innført i 2015. Norsk fordjuping er mindre og mindre populært og opplev ein liten nedgang for tiande året på rad.

Ingen vel italiensk i 2020 – Russisk òg på veg ut?



Russisk er på det lågaste nivået nokon gong, og ingen vel italiensk i 2020. Andre språk (for de meste kinesisk) har ein oppgang i år, men Framandspråksenteret ser med stor uro på at italiensk og russisk er på veg ut frå norske ungdomskuler.

Oppsummering

Interessa for framandspråk fell for femte året på rad og har aldri vore lågare. I tillegg ser det ut som om vi er i ferd med å miste både italiensk og russisk som framandspråk på norske ungdomsskuler. I ei stadig meir global verd med auka krav til ferdighetar i språk og kommunikasjon på tvers av kultur og landegrense er det uroande at færre og færre elvear vel framandspråk i ungdomsskolen. Dette er ein trend som Framandspråksenteret meiner det er viktig å ta på alvor og jobbe for å snu før det er for seint.

Øystein N. Øksenvåg
Rådgjevar for språkval
Halden, desember 2018